



Per Atle Sæle
Sagstadvegen 165
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1868 - 19/20776

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
09.10.2019

Godkjenning - GBNR 19/7 - Løyve til arealoverføring - Nedre Sagstad

Administrativt vedtak. Saknr: 238/2019

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Per Atle Sæle har søkt om løyve til overføring av eit areal på 140 m² og eit areal på 60 m² frå gbnr. 19/7 til gbnr. 19/55, jf. pbl § 20-1 bokstav m).

Gbnr. 19/7 er matrikkelført med eit areal 14082,9 m², og Per Atle Sæle står registrert som heimelshavar.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.09.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.09.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, men kommunen finn ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling ettersom tiltaket i lita grad får verknad for naboar.

Lov – og planstatus

Oppretting av ny grunneigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6 og er søknadspliktig etter pbl § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m). Videre følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrensar, må ikkje gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det omsøkte arealet er sett av til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen.

Føresegn 3.1.2 til arealdelen til kommuneplanen legg til grunn følgjande for LNF-område:

«For eksisterande bebygd eigedom for bustad eller fritidsbustad kan det gjevast løyve til arealoverføring eller tilleggsareal opp til 200 m² (samla) etter pbl § 20-1 m), dersom LNF-omsyn ikkje blir sett til sides, jf. pbl § 11-11 nr. 3».

Gbnr. 19/55 er sett av til LNF-formål, men har status som spreidd bustad, jf. tabell 9.1 til føresegn 3.2.3 til KPA. For desse eigedomane legg føresegn 3.2.1 til KPA til grunn at arealoverføring eller tilleggsareal på inntil 200 m² kan tillatast i samsvar med eksisterande bruk.

Tiltaket er etter dette ikkje avhengig av dispensasjon frå LNF- formålet i KPA. I tillegg ligg det omsøkte arealet som bebygd, samferdsel, vann og bre i Nibio sitt gardskart, det er difor heller ikkje naudsynt med samtykke til omdisponering etter jordlova § 9 og § 12.

Administrasjonen ser ikkje at LNF-omsyn vert tilsidesett ved tiltaket og søknaden kan godkjennast som omsøkt.

Infrastruktur

Eksisterande infrastruktur, medrekna veg, vatn og avlaup, får ikkje betydning for arealoverføring som omsøkt.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m), løyve til overføring av eit areal på 140 m² og eit areal på 60 m² frå gbnr. 19/7 til gbnr. 19/55, jf. søknad og vedlagte situasjonskart journalført motteke 13.09.2019.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast

søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
Sektorsjef teknisk

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1+SV+_197077.pdf

Kopi til:

Åge Nygård

Sagstadvegen 146 5919

FREKHAUG

Mottakarar:

Per Atle Sæle

Sagstadvegen 165 5919

FREKHAUG